

## Årsmøte i Stokkenes Golfpark BA 2004

Årsmøtet vart halde på Nordfjord Hotell, fredag 25.02.2005 frå kl 20:10 til 21:00 med 9 frammøtte. Frå styret møtte Kent Tryggestad og Knut Rønnestad. Årsaka til det beskjedne frammøte, var nok ein kombinasjon av vinterferie og fint vær. Årsmøte-deltakarane vart ynskta velkomen av styreformann Kent Tryggestad.

### Sakliste:

1. Godkjenning av innkalling og dagsorden.
2. Val av møteleiar, referent og 2 medlemar til å skrive under protokollen.
3. Styret si årsmelding.
4. Rekneskap og budsjett.
5. Bruk av disponible midlar.
6. Fastsetjing av arbeidsplan for komande år.
7. Val av leiar.
8. Val av styremedlemar og 2 varamedlemar.
9. Eventuelt.

## Protokoll

### 1. Godkjenning av innkalling og dagsorden.

Innkalling til årsmøte og sakliste var annonsert i rett tid før årsmøtedato i Fjordabladet. Ingen hadde merknader til innkalling og dagsorden.

### 2. Val av møteleiar, referent og 2 medlemar til å skrive under protokollen.

Årsmøtet valde samrøystes:

Møteleiar,	Kent Tryggestad
Referent,	Knut Rønnestad
Protokollunderskriving,	Kent Tryggestad og Knut Rønnestad

### 3. Styret si årsmelding.

Styret si årsmelding for Stokkenes Golfpark BA, er lik med årsmeldinga for Nordfjord Golfklubb. Årsmeldinga vart samrøystes godkjent.

### 4. Rekneskap og budsjett.

Helge Haugland la fram 2004- rekneskapen som viser ein omsetnad på kr. 45.000,- med eit negativt årsresultat på kr. 7.235,-.

Budsjettet for 2005 er sett opp med ein omsetnad på kr. 400.000,- (overføring av baneleige frå Nordfjord Golfklubb). Det er budsjettert med eit overskot på kr. 29.000,-

Rekneskap og budsjett vart samrøystes godkjent.

### 5. Bruk av disponible midlar.

Årsmøtet gjorde vedtak om at disponible midlar skal nyttast slik budsjettet viser.

### 6. Fastsetjing av arbeidsplan for komande år.

Styret informerte årsmøtet om at det i 2005 ikkje er lagt opp til vesentlege investeringar.

## 7. Val av leiar.

Årsmøtet gjorde samrøystes vedtak om attval av Kent Tryggestad.

## 8. Val av styremedlemar og 2 varamedlemar.

Valnemnda har bestått av Erling Hjelle, Per Jan Nesbakk og Øystein Nesse. Nemnda har gjort ein svært god jobb og valet blei gjennomført utan vanskar.

I det sittande styret stod alle medlemane på val. Årsmøtet følgde valnemnda sine instillingar og valde inn ny kasserar, Helge Haugland, som erstattar for Pål Tore Jacobsen. Som representant for grunneigarane vart Gitta Sas ter Stege ny representant i staden for Stephan ter Stege. Vara Torbjørn Jacobsen vart samrøystes vald for 2 nye år.

### **Valprotokoll 2005**

Gruppe	Verv	2004	På val
Styre	Leiar	Kent R. Tryggestad	2006
	Nestleiar	Tom Skjerven	2007
	Sekretær	Knut Rønnestad	2007
	Kasserar	Helge Haugland	2007
	Medlem	John Matias Garlid	2007
	Medlem	Åse Skaugseth	2007
	Medlem	Svein Fjørtoft	
	Medlem	Gitta sas ter Stege	
	Vara	Tove Skau	2006
	Vara	Torbjørn Jacobsen	2007
Revisor		Rune Totland	
Valnemnd	Leiar	Erling Hjelle	2006
		Per Jan Nesbakk	2007
		Einar M. Sandven	2007

## 9. Eventuelt.

Årsmøtet hadde ingen saker under eventuelt.

Nordfjordeid, / -2005

Nordfjordeid, / -2005

.....  
Kent Tryggestad

.....  
Knut Rønnestad